



Arkivnr: 2015/11453-201  
Saksbehandlar: Adeline Berntsen Landro

## Saksframlegg

### Saksgang

| Utval                            | Saknr. | Møtedato   |
|----------------------------------|--------|------------|
| Styret for Fagskolen i Hordaland |        | 12.09.2019 |

### Forskrifter for Fagskolen i Hordaland

#### Samandrag

Ny forskrift om høgere yrkesfaglig utdanning (fagskuleforskrifta) er gjort gjeldane frå 11.07.2019. Det er gjort større endringar i høve til føresegner om opptak og rangering, samt om reglar for skikkavurdering. På bakgrunn av dette er det naudsynt å revidere forskrift om opptak, eksamen, disiplinære sanksjonar og klagehandsaming for Fagskolen i Hordaland (forskrift for Fagskolen i Hordaland). Vidare vil ein tilrå at føresegner om opptak og rangering vert teke ut av forskrift for Fagskolen i Hordaland og teke inn i ei eiga opptaksforskrift for Fagskolen i Hordaland. Dette vil gjere det meir oversikteleg for søkjarar og aktørar som er involvert i opptak ved fagskolen (t.d. Samordna opptak). Forskriftene skal sendast på ordinær høyring med minimum 6 veker høyringsfrist og det vert tilrådd at styret for fagskolen sender begge i ein felles høyring med frist frå 13.09.2019 til 27.10.2019.

#### Forslag til vedtak

«Forskrift om opptak ved Fagskolen i Hordaland» og «forskrift om eksamen, disiplinære sanksjonar og klagehandsaming for Fagskolen i Hordaland» vert sendt på ordinær høyring frå 13.09.2019 til 27.10.2019 slik det kjem fram av saka.

Bjørn Lyngedal  
fylkesdirektør opplæring  
ansvarleg for saksførebuing til fagskulestyret

Adeline B. Landro  
spesialrådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

#### Vedlegg

- 1 Forskrift om opptak
- 2 forskrift revisjon h 2019

#### Fylkesrådmannen, 13.08.2019

Ny forskrift om høyere yrkesfaglig utdanning (fagskuleforskrifta) er gjort gjeldane frå 11.07.2019. Det er gjort større endringar i høve til føresegner om opptak og rangering, samt om reglar for skikkavurdering. På bakgrunn av dette er det naudsynt å revidere forskrift om opptak, eksamen, disiplinære sanksjonar og klagehandsaming for Fagskolen i Hordaland (forskrift for Fagskolen i Hordaland). Vidare vil administrasjonen ved Opplæringsavdelinga tilrå at føresegner om opptak og rangering vert teke ut av forskrift for Fagskolen i Hordaland og teke inn i ei eiga opptaksforskrift for Fagskolen i Hordaland. Dette vil gjere det meir oversikteleg for søkjarar og aktørar som er involvert i opptak ved fagskulen (t.d. Samordna opptak). Med den nye fagskuleforskrifta er føresegner som regulerer opptak, rangering, vurdering, eksamen, klagehandsaming m.m. blitt meir omfattande, og dette gjer også at det er meir høveleg å lage to forskrifter for Fagskolen i Hordaland i staden for éin som omfattar alt. Med delinga av forskrift for Fagskolen i Hordaland som skissert her vil det vere éin forskrift om opptak og rangering som omhandlar prosessen før ein vert student ved fagskulen og éin forskrift som omhandlar dei som er studentar ved fagskulen.

Forskriftene skal sendast på ordinær høyring med minimum 6 veker høyringsfrist og det vert tilrådd at styret for fagskulen sender begge i ein felles høyring med frist frå 13.09.2019 til 27.10.2019. Dei nye forskriftene for fagskulen kan verte vedteke av styret i møte 28.11.2019.

Vidare i denne saka vert forskrift om opptak presentert i høve til sentrale endringar frå tidlegare. Det vert ikkje laga eit lovspegl sidan dette no vert ei eiga ny forskrift. Til slutt vert det vist forslaga til endring i forskrift for Fagskolen i Hordaland.

Dagens forskrift for Fagskolen i Hordaland finn ein her:

<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2019-01-24-49>

## **Forskrift om opptak ved Fagskolen i Hordaland**

Dei største endringane i ny fagskuleforskrift som omhandlar opptak er føresegner om Samordna opptak, poengutrekning, rangering og klagetilgang, i tillegg til føresegner om spesielle opptakskrav. Forskrift om opptak ved Fagskolen i Hordaland som vert føreslått sendt på høyring ligg som vedlegg 1 i denne saka.

### **Samordna opptak**

Opptak til offentlege fagskular skal organiserast gjennom Samordna opptak, medan private fagskular kan velje om dei ønskjer å delta i eit samordna opptak. Dersom ein offentlig fagskule har einskilde utdanningar som ein ikkje ønskjer skal vere med i det samordna opptaket må ein søkje Kunnskapsdepartementet om dispensasjon. Dette kan til dømes vere dersom ei utdanning skal ha eit anna opptaks- og starttidspunkt enn dei andre utdanningane. Det første opptaket gjennom samordna opptak vil skje vårsemesteret 2020.

### **Opptakskrav**

Opptakskravet til fagskuleutdanningar er framleis relevant vidaregåande opplæring eller tilsvarande realkompetanse, men det vert spesifisert i fagskuleforskrifta at styret sjølv kan fastsetje spesielle opptakskrav som t.d. karakterkrav, opptaksprøve eller krav til autorisasjon. I tillegg kan styret sjølv stille opptakskrav om fullført og bestått fagskuleutdanning til ei fagskuleutdanning som er ei sjølvstendig utdanning som byggjer på ei anna sjølvstendig fagskuleutdanning.

### **Reservasjon av studieplass**

Jf. ny fagskuleforskrift kan søkjarar som har fått opptak søkje om inntil to års utsetting av studiestart ved sjukdom, svangerskap, barsel, verneplikt eller andre tungtvegande grunner. Dette er ein ny regel, og har ikkje vore gjeldande tidlegare.

### **Poengutrekning**

Føresegner om poengutrekning er endra frå tidlegare, mellom anna med nye poengsummar, og maks tal på poeng ein kan få for arbeidserfaring etter avlagt fagprøve eller anna relevant vidaregåande opplæring.

### **Rangering**

Den største endringa i høve til rangering frå tidlegare er at det jf. fagskuleforskrifta er alder som blir avgjerande dersom søkjarar har lik poengsum, og ikkje kjønn. Rangering etter alder er enklare enn rangering etter kjønn, fordi søkjarar med lik poengsum ofte kan ha same kjønn, men sjeldan same alder. Den eldste søkjaren kjem framfor den yngre.

### Klage på opptaket

Jf. ny fagskuleforskrift er det no Nasjonal klagenemnd for fagskoleutdanning som skal handsame klager på opptak som er gjort gjennom Samordna opptak. Lokal klagenemnd for fagskulen skal likevel handsame klager på opptak om det er spesielle opptakskrav eller opptak på bakgrunn av realkompetansevurdering.

## Forskrift om eksamen, vurdering og disiplinære sanksjonar (forskrift for Fagskolen i Hordaland)

Forslag til endringar i forskrift for Fagskolen i Hordaland vert i det følgjande vist etter kapitla i forskrifta. Det er også gjort mindre språklege justeringar og forbetringar frå tidlegare versjon, men desse vert ikkje vist med mindre dei kjem fram av lovspeglane under Dei språklege justeringane har ikkje konsekvens for meiningsinnhaldet. Forslag til denne forskrifta ligg som vedlegg 2.

### Kapittel 1. Generelle føresegner

Det vert føreslått at § 1-1 om heimel og verkeområde vert endra som følgjer:

| Opphaveleg tekst   | Ny tekst   |
|--|--|
| § 1-1 Heimel og verkeområde<br>Styret ved Fagskolen i Hordaland har med heimel i §§ 16 og 21 i lov om høyere yrkesfaglig utdanning vedtatt forskrift som regulerer tilhøve knytt til opptak, eksamen og vurdering. Forskrifta regulerer også tilhøve knytt til klagerettar og klagehandsaming, annullering, disiplinære sanksjonar, skikkavurdering og politiattest jf. §§ 22-27 i fagskulelova. | § 1-1 Heimel og verkeområde<br>Styret ved Fagskolen i Hordaland har med heimel i §§ 16 og 21 i lov om høyere yrkesfaglig utdanning vedtatt forskrift som regulerer tilhøve knytt til eksamen, vurdering og disiplinære sanksjonar. Forskrifta regulerer også tilhøve knytt til klagerettar og klagehandsaming, annullering, skikkavurdering og politiattest jf. §§ 22-27 i fagskulelova. |

### Kapittel 2. Opptak, studierett og progresjon

§§ 2-1 til 2-9 som omhandlar reglar knytt til opptak vert teke ut, og overskrifta til kapittel 2 vert endra til «Kapittel 2. Studierett, progresjon og permisjon». Vidare vert det føreslått at §§ 2-10 og 2-11 som omhandlar godskriving og fritak av emne vert flytta til kapittel 3 om vurdering og eksamen. Når føresegner om opptak vert teke ut er det meir naturleg at reglar knytt til godskriving og fritak vert omtalt under kapittel som omhandlar vurdering og eksamen.

§§ 2-12 til 2-15 vert vidareført under dette kapitlet men numerisk endra til §§ 2-1 til 2-4 som følgjer:

- § 2-1 Studierett
- § 2-2 Studieprogresjon
- § 2-3 Tap av studierett
- § 2-4 Permisjon

Det er ikkje gjort endringar i innhaldet av desse paragrafane, men referansar til andre paragrafar er retta i tråd med dei øvre endringane i forskrifta.

### Kapittel 3. Vurdering og eksamen

I kapittel 3 vert det føreslått å ta ut dagens § 3-5 om skikkavurdering og føre opp meir detaljerte føresegner om skikkavurdering i kapittel 4 om disiplinære sanksjonar. Det er kome nye og meir detaljerte reglar om skikkavurdering gjennom den nye fagskuleforskrifta og det er på bakgrunn av dette behov for meir detaljerte føresegner om dette i forskrift for Fagskolen i Hordaland. Dagens § 3-5 som vert føreslått teke ut er som følgjer:

#### § 3-5 Skikkavurdering

- (1) Denne paragraf trer ikkje i kraft før Kunnskapsdepartementet har fastsett forskrift om skikkavurdering.
- (2) Ved einskilde utdanningar skal fagskulen vurdere om studenten er skikka for yrket. Krav til skikkavurdering skal gå fram av studieplanen. Ei skikkavurdering vert gjennomført gjennom heile studiet og er ein føresetnad for at studenten skal få vitnemål for fullført utdanning, jf. fagskulelova § 26.
- (3) Det er den lokale klagenemnda som fattar vedtak om at ein student ikkje er skikka for yrket. Studenten har rett til å uttale seg før det vert gjort vedtak. Vert det fatta slikt vedtak, kan studenten verte utestengt frå utdanninga. Studenten kan klage på vedtaket til Nasjonal klagenemnd for fagskoleutdanning. Sjå kap. 4. om disiplinære sanksjonar og kap. 5. om klage og klagehandsaming.
- (4) Eit vitnemål for fullført og bestått utdanning betyr at kandidaten er vurdert som skikka for yrket.

På bakgrunn av denne endringa vert dei påfølgjande paragrafane i kapittel 3 endra numerisk.

Vidare vert det som nemnt under kapittel 2 føreslått å ta inn føresegner om godskriving og fritak i kapittel 3, og desse vert såleis § 3-11 og § 3-12.

I § 3-11 fjerde og sjette ledd, om godskriving og fritak, vert det føreslått ei presisering i høve til kva institusjon som skal skrive ut vitnemål når eitt eller fleire emne er godskreve eller gitt fritak for. I § 3-11 sjuande ledd vert det føreslått å ta ut det som står om opptakskomiteé fordi dette ikkje lengre er riktig. Endringane er som følgjer:

| Opphavelig tekst   | Ny tekst   | Kommentar  |
|--|--|--|
| § 2-10 fjerde ledd<br>For å få skrive ut vitnemål eller anna dokumentasjon for fullført utdanning ved fagskulen, må minst 30 studiepoeng som skal inngå i utrekningsgrunnlaget vere avlagt ved Fagskolen i Hordaland, som siste del av utdanninga, jf. § 2 i forskrift om fagskoleutdanning. | § 3-11 fjerde ledd<br>For å få skrive ut vitnemål eller anna dokumentasjon for fullført utdanning ved fagskulen, må minst 30 studiepoeng som skal inngå i utrekningsgrunnlaget, vere avlagt ved Fagskolen i Hordaland, normalt som siste del av utdanninga, jf. § 38 i fagskuleforskrifta. | I siste leddsetning vert det føreslått å skrive at det <u>normalt</u> er siste del av utdanning som skal vere gjennomført ved Fagskolen i Hordaland, då det kan vere unntak frå dette. Dette finn ein også i fagskulelova. Referansen til fagskulelova er også |

|   |  |   |
|---|--|---|
|   |  | skifta ut med referanse til fagskuleforskrifta. |
| § 2-10 sjette ledd<br>Om ein student får godkjent søknad om fritak av eit emne, skal dette kome fram på vitnemålet med referanse til bestått emne ved same eller annan institusjon. Ved godskriving av eitt eller fleire emne er det siste utdanningsinstitusjon som skriv ut vitnemål jf. § 2-10 fjerde ledd over.   | § 3-11 sjette ledd<br>Om ein student får godkjent søknad om fritak av eit emne, skal dette gå fram av vitnemålet med referanse til bestått emne ved same eller annan institusjon. Ved godskriving av eitt eller fleire emne er det normalt siste utdanningsinstitusjon som skriv ut vitnemål jf. § 3-11 fjerde ledd over.  | Same forklaring som over.                       |
| § 2-10 sjuande ledd<br>Vedtak om godskriving og fritak av eit emne vert fatta av rektor etter innstilling frå opptakskomiteen ved fagskulen. Vedtak om godskriving eller fritak ved Fagskolen i Hordaland er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2 første ledd bokstav b og kan klagast på etter denne lova (§§ 28 og 29). Klage skal sendast til fagskulen og nærare føresegner om klagehandsaming er gitt i kap. 5. i denne forskrifta. | § 3-11 sjuande ledd<br>Vedtak om godskriving og fritak av eit emne vert fatta av rektor. Vedtak om godskriving eller fritak ved Fagskolen i Hordaland er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2 første ledd bokstav b og kan klagast på etter denne lova (§§ 28 og 29). Klage skal sendast til fagskulen, og nærare føresegner om klagehandsaming er gitt i kap. 5. i denne forskrifta. |   |

#### Kapittel 4. Disiplinære sanksjonar

Kapittel 4 har i dag føresegner om «utestenging og bortvising» og om «Forbod mot bruk av klesplagg som heilt eller delvis dekker andletet». I revidert forskrift vert det føreslått at ta inn tre nye paragrafer om skikkavurdering. Den nye fagskuleforskrifta gjev detaljerte føresegner om krav til fagskular i høve til skikkavurdering, og i dei tre nye paragrafane i forskrift for Fagskolen i Hordaland er det ført opp føresegner i høve til kva som er viktig å kjenne til for studentar som er omfatta av desse reglane.

Vidare er det krav gjennom den nye fagskuleforskrifta at den lokale forskrifta for fagskulen skal innehalde ei oversikt over kva utdanningar som er omfatta av reglar om skikkavurdering. Dette er drøfta i møte med fagskulen, og utdanningane oppført i § 4-3 under vert vurdert som omfatta av føresegner om skikkavurdering.

Forslag til nye paragrafer om skikkavurdering er som følgjer:

##### § 4-3 Skikkavurdering

- (1) Jf. fagskulelova § 26 skal ei skikkavurdering gjerast ved alle utdanningar der studenten kan utgjere ein fare. Fagskuleutdanningar ved Fagskolen i Hordaland som er omfatta av desse reglane er:

- a) Psykisk helsearbeid og rusarbeid
  - b) Psykisk helsearbeid
  - c) Spesialreinhald og steriltforsyning i helsetenesta
  - d) Rehabilitering
  - e) Rus og avhengighetsproblematikk
  - f) Kreftomsorg og lindrande pleie
- (2) Skikkavurdering er ei kontinuerleg vurdering gjennom studieløpet ved den aktuelle utdanninga som er underlagt desse reglane. Vurderinga skal avdekkje om ein student har dei naudsynte føresetnadene for å kunne utøve yrket. Ein student som i utdanninga eller i framtidig yrkesutøving kan utgjere ein fare for liv, fysisk og eller psykisk helse, rettar og tryggleik til barn, unge og eller vaksne i sårbare situasjonar, er ikkje skikka for yrket.
- (3) Om det er tvil om ein student er skikka, skal det i tillegg gjerast ei særskilt skikkavurdering av skikkanemnda ved fagskulen.

#### **§ 4-4 Særskilt skikkavurdering**

- (1) Studenten skal ha skriftleg varsel om at det ligg føre grunna tvil om vedkomande er skikka for yrket, og kallast inn til vurderingssamtale. Studenten skal få tilbod om utvida oppfølging og rettleiing med mindre det er klart at slik oppfølging ikkje er eigna til å hjelpe studenten. Praksisperiodar kan utsettast frå tvilsmelding er motteke til etter at utvida rettleiing er avslutta, eller til saka er avgjort.
- (2) Om utvida oppfølging og rettleiing ikkje leiar til naudsynt endring og utvikling hos studenten, skal skikkaansvarleg fremme saka for skikkanemnda.

#### **§4-5 Handsaming av særskilt skikkavurdering**

- (1) Studenten skal varslast i god tid om tidspunkt for møte i skikkanemnda og gjerast kjent med opplysningane i saka. Studenten skal ha høve til å leggje fram sine synspunkt for nemnda før møtet.
- (2) Nemnda lagar ei innstilling til den lokale klagenemnda ved fagskulen med ei vurdering av om studenten er skikka eller ikkje, om studenten bør stengast ute helt eller delvis frå den aktuelle utdanninga, og lengda på utestengingsperioden og eventuelle vilkår for at studenten skal starte opp ved utdanninga igjen.
- (3) Det er den lokale klagenemnda for fagskulen som på bakgrunn av innstilling frå skikkanemnda som fattar vedtak om at ein student ikkje er skikka og om studenten skal stengjast ute frå utdanninga. Vedtak om at studenten ikkje er skikka for eit yrke og eit vedtak om utestenging fordi studenten ikkje er skikka for yrket, skal fattast med minst to tredels fleirtal. Ein student har rett til å uttale seg før det vert fatta vedtak i ei sak om skikkavurdering eller utestenging. Det skal ikkje skrivast ut vitnemål for den aktuelle utdanninga til ein student som er funne ikkje skikka for yrket.
- (4) Studenten kan jf. fagskulelova § 26 klage på vedtak om skikkavurdering og eventuelt utestenging til Nasjonal klagenemnd for fagskoleutdanning.

## Kapittel 5. Klage og klagehandsaming

I kapittel 5 vert det føreslått endringar i §§ 5-1 og 5-4 for å gjere dei ulike klagemoglegheitene og klageinstansane meir tydeleg. I § 5-4 er det berre føreslått ei endring i overskrifta og ein språkleg justering i første ledd, medan det i § 5-1 vert føreslått større endringar. På bakgrunn av endringar i fagskuleforskrifta om opptak og rangering vert det også tatt inn i denne paragrafen at det berre er opptak på grunnlag av realkompetanse og spesielle opptakskrav som kan klagast på til den lokale klagenemnda. Klage på det ordinære opptaket vert handsama av Nasjonal klagenemnd for fagskoleutdanning.

| Opphavelig tekst   | Ny tekst  |
|--|---|
| <p>§ 5-1 Klageinstans</p> <p>(1) Ved klage på karakterfastsetting vert det gjeve ny sensur eller ny vurdering. Sjå også § 3-6 om grunngeving for karakterfastsetting, § 5-3 om klage på mappevurdering/emnekarakter og § 5-4 om klage på eksamen.</p> <p>(2) Den lokale klagenemnda for Fagskolen i Hordaland handsamar klager på enkeltvedtak som er gjort ved fagskulen. Klager som vert handsama av den lokale klagenemnda, er som følgjer:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>a) formelle feil ved eksamen (t.d. feil ved oppgåveteksten, eksamensavvikling eller ved gjennomføring av sensur)</li> <li>b) eksamen under særskilde vilkår</li> <li>c) opptak</li> <li>d) fritak eller godskriving av emne</li> <li>e) tap av rettar jf. §§ 2-14 og 4-2.</li> </ul> <p>(3) Den lokale klagenemnda har fem medlemmer med personlege varamedlemar. Leiaren og vara for leiar skal fylle dei lovbestede krava for lagdommarar. Leiar og var for leiar skal ikkje vere tilsett ved fagskulen. To av medlemmene skal vere studentar. Mandatet til klagenemnda vert innretta i høve til forvaltningslova. Den lokale klagenemnda er vedtaksfør når leiar eller vara for leiar og to andre medlemmer er til stades. Vedtak fatta av den lokale klagenemnda i saker om fagskulane sine enkeltvedtak kan ikkje påklagast.</p> <p>(4) Nasjonal klagenemnd for fagskoleutdanning er klageinstans for saker som er vedtatt av den lokale klagenemnda som første instans. Klager</p> | <p>§ 5-1 Klageinstans</p> <p>(1) Ved klage på karakterfastsetting vert det gjeve ny sensur eller ny vurdering. Sjå også § 3-5 om grunngeving for karakterfastsetting, § 5-3 om klage på mappevurdering/emnekarakter og § 5-4 om klage på eksamensvurdering.</p> <p>(2) Den lokale klagenemnda for Fagskolen i Hordaland handsamar klager på enkeltvedtak som er gjort ved fagskulen. Klager på enkeltvedtak som vert handsama av den lokale klagenemnda, er som følgjer:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>f) formelle feil ved eksamen (t.d. feil ved oppgåveteksten, eksamensavvikling eller ved gjennomføring av sensur)</li> <li>g) eksamen under særskilde vilkår</li> <li>h) opptak på grunnlag av realkompetanse eller spesielle opptakskrav</li> <li>i) fritak eller godskriving av emne</li> <li>j) tap av rettar jf. §§ 2-3 og 4-2</li> </ul> <p>(3) Den lokale klagenemnda har fem medlemmer med personlege varamedlemmer. Leiaren og vara for leiar skal fylle dei lovbestede krava for lagdommarar. Leiar og vara for leiar skal ikkje vere tilsett ved fagskulen. To av medlemmene skal vere studentar. Mandatet til klagenemnda vert innretta i høve til forvaltningslova. Den lokale klagenemnda er vedtaksfør når leiar eller vara for leiar og to andre medlemmer er til stades. Vedtak fatta av den lokale klagenemnda i saker som gjeld fagskulane sine enkeltvedtak, kan ikkje påklagast.</p> |

|  |  |
|--|--|
| <p>som vert handsama av den nasjonale klagenemnda er som følger:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>a) bortvising</li> <li>b) utestenging</li> <li>c) utestenging etter skikkavurdering</li> <li>d) annullering av eksamen</li> <li>e) tap av rettar knytt til merknad i politiattest.</li> </ul>  | <p>(4) Den lokale klagenemnda for fagskulen fattar sjølv enkeltvedtak i saker av meir alvorleg karakter etter innstilling frå fagskulen. Saker som lokal klagenemnd kan avgjere er:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>a) bortvising</li> <li>b) utestenging</li> <li>c) skikkavurdering og utestenging på dette grunnlag</li> <li>d) annullering av eksamen</li> <li>e) tap av rettar knytt til merknad i politiattest</li> </ul> <p>(5) Nasjonal klagenemnd for fagskoleutdanning er klageinstans for enkeltvedtak som er fatta av den lokale klagenemnda som første instans jf. andre ledd over, og ordinært opptak gjennom Samordna opptak. Sjå nærare føresegner om opptak i forskrift om opptak ved Fagskolen i Hordaland.</p> |
| <p>§ 5-4 Klage på eksamen</p> <p>(1) Ved klage over karakterfastsetting ved ein eksamen skal ny sensor/ar nyttast, og minst éin sensor skal vere ekstern. Ny sensur skal liggje føre innan same fristar som gjeld for ordinær eksamen. Endring kan gjerast både til gunst og ugunst for klagar. Karakterfastsetting ved ny sensur etter denne paragraf kan ikkje klagast på.</p> | <p>§ 5-4 Klage på eksamensvurdering</p> <p>(1) Ved klage over karakterfastsetting ved ein eksamen skal ny sensor/ar nyttast, og minst éin sensor skal vere ekstern. Ny sensur skal liggje føre innan same fristar som gjeld for ordinær eksamen. Endring kan gjerast både i <u>favør og disfavør</u> av klagar. Karakterfastsetting ved ny sensur etter denne paragraf kan ikkje klagast på.</p>   |

## Kapittel 6. Avsluttande føresegner

§ 6-1 i kapittel 6 omhandlar ikraftsetjing og oppheving og datoane for dette vert føreslått endra som følger:

| Opphavelig tekst  | Ny tekst  |
|---|---|
| <p>§ 6-1 Ikraftsetjing og oppheving<br/>Denne forskrifta trer i kraft 24.01.2019. Samtidig vert forskrift for Fagskolen i Hordaland gjeldande frå 24.01.2018 oppheva.</p> | <p>§ 6-1 Ikraftsetjing og oppheving<br/>Denne forskrifta trer i kraft DATO. Samtidig vert forskrift for Fagskolen i Hordaland gjeldande frå 24.01.2019 oppheva.</p> |

Dato for ikraftsetjing vert ført på når forskrifta er endeleg vedteke av styret etter høyring.